



<http://naust.org/>

Oversikt over naust som medlemne og venner av Nytt i Naust har oppgradert og gjort klar for nye oppgaver i perioden 2011 til 2026.

Naustprosjekt starta i 2008. Vidareført av "Ny næring i gamle bygg i strandsona" i perioden 2011 til 2013. Arbeidet kom så inn i ordna former ved at laget Naustforeininga Nytt i Naust vart etablert i 2014.

Bakgrunnen for dette arbeidet var registreringa av naust i Sund kommune som starta opp i 2008, med fotografering av alle nausta i Sund kommune. Det vart registrert 500 naust. Arbeidet med å skapa ny aktivitet i nausta starta deretter opp. Etter ein Workshop i 2009 om "Ny næring i landbruksbygg" i regi av Fylkesmannen i Hordaland kom det i stand eit samarbeid mellom Sund kommune og Fylkesmannen. Dette resulterte i prosjektet "Ny næring i gamle bygg i strandsona".

Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland fylkeskommune og kommunane Sund, Austevoll, Bømlo og Radøy deltok i prosjektet med Norges Vel som prosjektleiar. "Naustforeininga Nytt i Naust" vart etablert i 2014 og overtok "stafettpinnen" frå 2014. I 2026 er det om lag 100 medlemmer i foreininga, og mange naust har blitt restaurert og fått ny aktivitet i denne perioden. Dette har skapt positive ringverknader i mange lokalsamfunn.

Naust i Austevoll



Naustet vart bygd rund 1970 når det var stor aktivitet med drivgarnsfiske etter laks. Dette fisket varte berre ein kort periode. Naustet vart brukt sporadisk til heimefiske etter dette. Naustet er ombygd til overnatting rundt 2014 med alle fasilitetar i 2. etg. Det er inngang og ein naustfunksjon på grunnplanet der floa kan koma inn. Utleige er etablert via Airbnb. Sjå

https://www.airbnb.no/rooms/2956877?search_mode=regular_search&adults=1&check_in=2026-06-04&check_out=2026-06-09&children=0&infants=0&pets=0&source_impression_id=p3_1780554662_P3v3Z-1pJmqLSIXq&previous_page_section_name=1000

Naust i Øygarden kommune



Naustet er bygd oppatt i 1946, og familien flytta fyrst inn i naustet, og deretter bygde dei løa og til slutt våningshuset. Seinare leigde andre naustet/husværet her. 2 og 3 høgda er ombygd til for overnatting for turistar med moderne fasilitetar rundt 2014. På grunnplanet er det vanlege naustfunksjonar. Utleige via Airbnb og det er fullt belegg heile den lyse årstida.

Fleirbruksbygg i Radøy kommune



I denne vika utan veg låg et lite naust i støa og så naustet som var bygd på og dobla arealet. Prosjektet Nynæring i gamle bygg i strandsona var insitamentet som berga desse to bygningane frå havari. I 2015 var det ferdig ombygd med høg estetisk standar og alle fasilitetar, vestvendt og klar for ny bruk. Opp gjennom åra har her vore varierende aktivitet som slakting av storfe frå Sogn, notbøteri og fiskeforedling med salting og røyking. Det små naustet er bygd opp for overnatting, me slik at floa kan gå inn utan at inventaret tar skade.

Naust og selskapslokale i Øygarden




Naustet vart bygd rundt 1947 og har romma stor fiskeriaktivitet opp gjennom åra. Den tidlegare eigaren hadde årleg ungdomar som var komen litt skeivt ut som sommargjestar, noko alle hadde stort utbyte av. Båten kunne ungdomane bruka som dei ville, men kravet var ufråvikeleg, "fortøy alltid for storm". I januar 2005 slo stormen Inga ut dører, vegger og heile naustet vart skeivt. Sjølv med tungt verktøy og sterkt pågangsmot tok det mange år før gjestar kunne benka seg i dette fantastiske lokalet. Sidan 2015 har gjester frå fjern og nær hatt stor og gode opplevingar i dette selskapslokalet. Ein gong ut på 2020-talet fekk naustet nye eigarar.

Kulturnaust i Jondal kommune




Dette naustet frå 1838 hadde eit taket som var dårleg, muren under det eine hjørna var sige med over 60 cm. Naustet held på å ramla ned. Restaurering med gammalt handverk som stettar antikvariske normer vart ferdig i 2016. Det vart laga eit solid fundament av ny steinmur. Naustet er klar for nye hundre år med same steintak etter gamal stil. Naustet var tidlegare naust for kyrkjebåten i bygda, har i dag naustfunksjon med høve til anna ny aktivitet også.

Ei lita bu vest i havet. Øygarden kommune



Ferdig restaurert.



Denne vesle bua berre eit steinkast frå Nordsjøen vart reparert ved hjelp av midlar frå Kulturminnefondet i 2017. Området med sine rike fisketradisjonar har både små og store naust. Eit sterkt grindverk med skifertak berga bua, og den er no klar for 100 nye år. Kystpilgrimsleia kan svinga innom her. Heilag Olav 1000 år skal feirast i 2030.

Kvitanaustet og rorbu i Austevoll kommune



Naustet til høgre er frå rundt 1885 og vart flytta til Melingsvågen etter 1900 ein gong. Kammerset i tredje etasje er oppkalla etter splinten Sigurd Olsen som budde der i mange år. Her er no pussa opp og den gamle frakken til basen Ingebrigt er eit tidvitne. Naustet er fullrestaurert i 2018 og har innvendig utstyr frå dei rike fiskeperiodane i farne tider. Rorbua til venstre vart oppført i 2016 og er bygd saman med naustet. Saman framstår dei som eit svært vellukka prosjekt og er sentrum for ny aktivitet på sørsida av vågen.

Nothengja på holme i Austevoll kommune



Hengja, også kalla galje var oppført på denne holmen rundt 1920. Materialane kom frå ei salteri som var brannskadd. Fiskarane var heilt avhengig av å tørka bomullsnøtene, om ikkje rotna dei. Dette tok slutt når nylon vart i vanleg bruk utover 1960-talet. Men ein bygning på holmen krev hard innsats. Lønn for strevet kan vera ei fredeleg kveldsstund med solnedgang i vest og krabbe i gryta. Då kan komande generasjon kan få med historier om livet i havgapet i farne tider. I 2019 er hengja sikra mot storm og regn.

Naust frå fraktefart og doktarskyss til godkjent overnatting. Øygarden kommune



Naustet var bygd i 1919 som base for skysstrafikk og fraktefart. Her var utgangspunktet for doktarskyssen i Sund og Austevoll og hadde jamn drift fram til rundt 1960 då vegane i Sund var utbygd. Her har også vore vanleg fiskeriaktivitet for heimefiske i alle år. Naustfunksjon 1. etasje. Rorbu oppe med sol inn vindedørene frå vest. Under arbeid og planlagt ferdig til turistsesongen 2020.

Naust i Øygarden kommune



Naustet frå rundt 1910 er i 2018 totalrestaurert. Dette er frakta som byggesett frå Nord Norge. Her har vore base for variert fiskeri opp gjennom åra. Frå 1940 og framover til ut på 1950-talet budde det folk fast i naustet. Eigaren har samla store mengder med maritimt utstyr, men på grunnplanet er der i dag fiskeriutstyr og båtar for heimefiske. Her kan ein ta imot gjestar og syna fram utstyr frå kystkulturen sine farne tider.

Bygningsmasse frå landnottida Austevoll kommune




Her er komplett bygningsmasse frå landnottida med bomullsnøter, nothenje (galje), naust, barkegruve og båtaskur for doryar. Frå rundt 1800 og fram til 1960-talet var her jamn og god fiskeridrift. På andre sida av vågen etablerte eigarane butikk, dampskipskai og sildesalteri. Naustet er i 2019 under restaurering for turisme med kulturformidling.

Frå naust til rorbu i Øygarden kommune



Naustet var i lengre periodar bustad for to fiskarar som dreiv fiske vest i havgapet på 1970-talet. Båtstø med tak over er uvanleg på desse trakter. Etter mange år og med kraftig pågangsmot vart prosjektet fullført i 2018. Dette framstår i dag som ei rorbu med høg standard for fisketuristar. Fullt belegg og god omsetning med gode tilbakemeldingar frå turistar.

Naust i Øygarden kommune



Områder med gode fiskeplass for landnotfiske hadde alltid store naust. Hovudbruka bygde dette naustet rundt 1910. Det var godt utstyrt, også for overnatting. Her budde dei i periodar når fisket var godt. Sundet over til Digrestein vart sperra med landnot og stor fangstar vart tatt. Rundt 1960 vart naustet selt, fiskartida var slutt. Utan veg vart vedlikehaldet tungvint, men nye eigarar berga naustet i 2013. På førehandskomferansen med kommunen vart dei refsa for å ha reparert nauste utan å søka, då var det like før taket rasta saman. Etter 100 år, dei siste 50 i motgang, ventar naustet på nye oppgåver.

Handelsbua frå 1866 i Øygarden kommune



Handelsbua frå 1866 hadde stor aktivitet til langt ut på 1950-talet. Rundt 1920 var her bygd dampskipskai der dampbåten Vatilestraumen hadde faste anløp. Her vart rusta ut jekter for Nord Norge med klippfisk som ein av aktivitetane. I 2018 var Bua ferdig restaurert og klar for nye oppgåver. Den islandske forfattaren Bergsveinn Birgrgisson har laga seg skrivestove i 2. høgda, han har skrive saga om "Den svarte vikingen". I dette prosjektet har naustforeininga Nytt i Naust hatt ein sentra rolle. Sjå <https://www.opaform.no/vorlandsvg>

Garveri, Ytre Fosse i Alver kommune.

Strilen Nyheiter Kultur Sport Meiningar Folk

Haustrilbod! | Randi | Meny

Eit restaureringsprosjekt av dimensjonar

OPPDATERT: 27.MAI.2019 16:39 | PUBLISERT: 26.MAI.2019 13:39



Bygget er frå ca. år 1890 og utvida i dei gode økonomiske tidene rundt 1910, opptakten til 1. verdskrigen. Garveriet var i drift fram til midten av 1930-talet. Etter garving av skinn tok slutt vart det ein periode med fiskeriverksemd som sildesalting, filetering av kvitfisk og ikkje minst som lager for tørrfisk frå Nord Norge. Aktiviteten dabba av på slutten av 1940-talet. Elva var sentra for oppbygginga av garveriet, mykje utstyr står framleis att i bygget. Bygget vart med iherdig innsats berga i 2019 og er no klar for nye oppgåver. No er her vorte selskapslokale og verkstad for reparasjon av gamle vindauga. Eigarane har mottatt pris for dette innsatsen. Sjå

<https://www.facebook.com/profile.php?id=100057119573243#>

Naust på Tyssøy i Øygarden kommune




Dette naustet som ligg ved austre sjøen på Tyssøyna er truleg oppført rundt 1800. Dette har sjølvsagt vore ein svært viktig bygning for

fiskarbøndene på Tyssøy opp gjennom åra. Den gamle kledninga i al-furu vart sett opp i 1886. Den gamle stod ubehandla til midt på 1970-talet då den vart beisa. Kledningen vart skifta i 2019 med ny 8 x 1 toms furubord i al frå Peder Nernes i Kvam. Der er brukt klipt spikar frå Seglloftet som er ein skipshandel på Jøa. Kledninga stå umåla , men er sett inn Owatrololje. Ein del av taksteinen av tegl må skiftast ut og litt av gråsteinsmuren må også reparerast.



Grindanaustet i ein våg i Tysnes kommune



Naustet frå rundt 1875-talet er ein solid grindabygning, Om taket var dårleg var der ikkje er skader på stavar, stavaleie, betar eller sneband. Alveden i sperrene er god, ei sperre i sør måtte skiftast. Den gamle teglsteinen var også god, grunnen til dette er god lufting. Her var ikkje sutak. Naustet høyrde til ein husmannsplass / strandsitjar. Naustet inngjekk i den vanlege fiskarbondedrifta, der sjøen var i sentrum. Det var i periodar brukt til tørking av nøter og gadn. Det vart sommaren 2019 reparert av ungdomar knytta til Nytt i Naust. Klar for nye 100 år!! Slik opplevde vågen. Dikt av Olav H Hauge. *Det er den draumen me ber på..... at me ei morgonstund skal glida inn på ein våg me ikkje har visst um.*

Naust i Øygarden kommune



Naustet var bygd av notlaget i 1915. Pengane kom frå eit sildekast på 25000 hektoliter. Naustet har vore brukt som base for omtrent alle typar fiskeri slik som Islandsfiske etter sild og størjefiske. Båtaskuret til venstre var for doryar på 1950-talet. På andre sida var der nothengje med breidde 3,5 meter og lengde 20 meter, Den var oppført på slutten av 1940-talet og riven på slutten av 1960-talet. Siste store oppgåva naustet hadde var i samband med oppbygginga av fiskeoppdrett på 1970-talet. Nauste har no fått nytt skifertak og skal mellom anna brukast til kulturformidling om kystkultur og fiskeriaktiviteten i området.

Kisteverkstad i Osterøy kommune



Denne bygningen var reist rundt 1880 for kisteproduksjon. Når drifta var godt i gang var der 6 høvlebenkar og fleir mann i arbeid med kistene. Bygningen vart utvida i 1964. Produksjonen var då dreieverkstad for mellom anna taklampar, lampettar, kuler og klossar til brannredningstau. På slutten av 1960-talet tok drifta slutt. Bygningen er i 2022 ferdig restaurert. Her er no frisørsalong opp og nede er der fullt oppgradert, moderne men med tømmerveggar og med originale detaljar intakt. Her lever kulturmiljøet vidare i oppvarma lokale. Sjå <https://www.fjerasjohus.com/>

Gamlabøteriet i Øygarden kommune



Nausta var bygd på slutten av 1800-talet. Notfiske var alltid hovudsatsinga og dette kunne det verta gode inntekter av. Namnet Gamlabøteriet vitnar om den tida då brukte og nye nøter var laga der fiskarane budde. Det vart ombygd med betre komfort for slikt arbeid rette etter krigen. Rundt 2007 kom " Perler i Nordsjøløypa og Kaisess " og ny fokus på kystkultur. Seinare har der vore nye rundar med ombygging og i 2019 har naustet ein fin konferansesal der ein i pausane kan studera eit stort utval av gjenstandar. Desse var heilt nødvendige i fiske og fangst i farne tider. Her er ofte kulturformidling av mange slag.

Naust Øygarden kommune



Naustet var bygd i 1926, her hadde tidlegare vore ei stø med eit lite naust. Bygningen har vore i jamn drift her i det tradisjonsrike fiskarmiljøet lagring alle typar fiskereiskap. Her var også båtbyggerverkstad i ein lengre periode. På 1980-talet var naustet base for ein sjark som dreiv aktiv fiske. I 2018 vart murane under naustet reparert. No er naustet oppgradert og her er no nye aktivitet med vitjing av barnehagar og sjølvsgat heimafiske. Fiskartida med stor båtar og sildesalting er forbi.

Møbelfabrikk i Osterøy kommune



Møblar produsert i lokale.



Jul i Mjøsvågen 2022

Den gamle fabrikk og to naust brann ned i 1935, så vart denne bygningen sett opp på same staden. Hosanger trevarefabrikk hadde møbel og anna produksjon i 1953 med 15 arbeidsplassar. Det var forskjellige næringar i loka fram til 1984. Etter dette har musikkinteressert ungdom nytta lokal i varierende grad.



No er nye krefter komen og i 2022 er bygningen og områder neste ferdig oppgradert med galleri, kunst og kreativ opplæring av ungdom. Områder har no ny verdiskaping slik alle har med i festtaler, men ikkje i praktisk politikk. Den verdensberømte flytande badestova Flabellina er komen på plass og mottar gjestar frå omtrent heile verda. Sjå <https://www.dengronefabrikken.no/>

Naustbrann. Arnavågen i Bergen kommune.



Nye naust vart bygd i ein bratt skråning i Arnavågen i 2015. På baksida over hovudvegen skimtar ein butikkar og industri som ligg på rad og rekker. Her vart ved hjelp av reguleringsplan gjeve løyve til å byggja åtte nye naust. I denne skråning, som det tidlegare ikkje var aktivitet har no mange familiar og deira venne krets ein godt miljø. Her får ungar oppleve sjø og fiske. Dei får med seg at me bur i ein kystnasjon.



Diverre brann halvparten av naust med båtar og utstyr ned til grunnen hausten 2019. Etter ein omstendeleg byggeprosess er no nye naust komen på plass.

Vatlestraumen i Bergen kommune. Gjenstandar frå ein samlar får nye oppgåver



Innvendig i naustet til ein som såg verdien i gamle gjenstandar frå fiskartida.



Gjenstander samla gjennom eit eit langt liv. Tida for endring kom og nye oppgåver ventar for samlinga.



Nauste får nye oppgåver og samlinga er lasta om bord og siglar her mot nye oppgåver. Dei skal stillast ut og visast fram for komande generasjonar.

Grindanaust frå ca 1860 demonter, flytta og gjenneist



Martin Dale, Gaute Sangolt og Tomas Fjeld i 2010 da de demonterte grindnaustet. Foto: Sverre Sangolt

Av Silje Mari Maimedal Alden
Oppdatert 7. juli



Bit for bit demonterte gjengen grindnaustet i Førdestraumen

Over halvparten av dugnadstimane vart utført av ungdomar under 30 år.

Kommunen gav løyve til riving, men med hjelp av ungdomar vart naustet berga og har no ein sentra plassering med utstyr. Arbeidet vart støtta økonomisk av Sund sogelag, Øygarden kommune, Vestland Fylkeskommune og Kulturminnefondet. Her kan no nye generasjonar kan få eit innblikk i kva som måtte til for å få mat på bordet for nokre generasjonar sidan.

Naust i Asker ved Drammensfjorden



Dette naustet på Holmsbru i Asker kommune vart bygd på 1930-talet av folk frå Telavåg på Sotra. Vestlandsfiskrane dreiv brislingfiske i fjordane på austlandet på denne tida. Rundt 2017 var der ei omfattande restaurering av naustet. No er her mellom anna trebåtbryggeri med spesialitet Holmsbuprammer.



hurumhistorielag.org
<https://hurumhistorielag.org>

Holmsbuprammen | Hurumhistorie

Gamalt naust frå landnottida i Øygarden kommune



På nauset frå rundt 1915 var grunnmuren i fronten start å siga og dermed seig både golv og grindverk. Nauset vart jekka opp og ny front vart murt opp slik at ein no kan gå trygt framom nauset. Hol i kjøldykke på mønet vart også reparert. Tjóra og terpentin gjorde godt på over 100 gamal bordkledning.

Naust i Alver kommune oppgradert.



Nordvesten trugar grunnmur og bryggja.



Restaurert oppe.



Notanaustet ved fjorden i Alver kommune bar preg at nye tider var komen og at bruken var stoppa opp. Sterke stormar i 100 år hadde sett sine spor. Med stor innsats var naustet no beskytta av ein liten molo og nye oppgåver ventar. Internittaket er skifta ut med eit som vil stå i nye 50 år. Ny lerkekledning og nye glas er på plass. Andre høgda er oppgradert, med mellom anna nytt golv. Oselvaren, med segl frå 1953 er nysnurt og klar for seglas på fjorden. Ny oppgåver ventar etter riksantikvaren sitt motto. Vern gjennom bruk.

Naust på Runde, Sunnmøre.



Det er i år, 2025, 300 år sidan det Nederlandske-ostindisk handelskompaniet sitt skip Akerendam forliste ved Runde. Også då stod nausta slik, men dei var då i dagleg bruk.



Nauste frå 1929 er reparert, ikkje med gamle båtbord, men der lagt golv 2. høgda, gammalt vegn og artiklar er sortert og stelt. Dei er fysiske vitne på kva som måtte til for å få inntekt og mat på borde i farne tider. Færing er klar til bruk for å henta kokefisker skal, den er reparert i Bjørkedalen.

Raudanaustet, frå ruin til diamant, Øygarden



Naustet skal måla raudt!!



Sildefiskeria fram til slutten av 1. verdskrigen gav velstand på Vestlandet. Sildenøter av bomull rotne om dei ikkje vart oppbevart tørt. Dette naustet er bygd opp av brannskada materialar etter bybrannen i Bergen i 1916. Både eigarane og Kulturminnefondet såg verdien av dette naustet. Med materialar i rette dimensjonar frå eit lokalt sagbruk framstår bygningen som autentisk. Bølgeblekk er undervurdert, det har berga mange bygningar. Men det krev i tillegg bruk av svært mange arbeidstimar!!

Fullrestaurering av naust i Øygarden kommune



Naustet frå 1932, som hadde ein viktig funksjon fram til 1960-talet var ikkje godt vedlikehald som så mange andre. Nye eigarar har starta fullrestaurering av dette.

Storstorm og flo flytta naustet.



Storm og stor flo flytta nauste innover ca. 1 meter. Med jekkar og taljar vart det flytta tilbake på plass og sikra. Nauste var i farne tider basen for fiskeri og økonomi for eit tradisjonelt småbruk. No er det oljetid og rekreasjon, og ikkje minst opplæring av nye generasjonar med teiner og sjømannskap.

Geitung, base for store fiskeri rundt 1910.



Nausta på Geitung er oppgradert og sett i stand for nye hundre år, trass motstand frå Statsforvaltaren. Det er også utført mykje anna arbeid av eldskjeler for å ivareta kulturmiljøet på øya. I 1913 var skuta Eros/Gjeitung på Islandsfiske å salta sild i tønner. Det var stor risiko for mindre fullasta skuter over Nord-atlanteren seint på haustene og tragedier ramma mange små samfunn. Gjeitung forlist på heimturen med 7 mann om bord. Skuta var bygd på Jensaneset i Sagvåg.

Tradisjonelt grindanaust er blitt oppgradert.



Grindanaustet frå 1800-talet var brukt til tradisjonelt fiskeri, men sjølvsagt har tida gått frå det. No er det jekka opp og restarurert. Ein god stad å vera for oppveksande generasjonar.

Ildsjeler restaurert stort falleferdig naust på Askøy



Fauskanger naust i all sin prakt. Bilde av Endre Ludvig Olsen.

18.12.2023

FRA FORFALLENT NAUST TIL BARNAS DRØMMESTED

Fra 1800-tallet var Fauskanger naust et viktig bygg for håbrandsfiske i Store Fauskanger. I dag byr naustet på uendelig mange opplevelser for både store og små.


Med eigarar med respekt og interesse for historia gjekk dei laus på prosjektet med stor entusiasme. Dei fekk avtale med Askøy kystlag og støtte frå Aparebankstiftelsen DNB, Stiftelsen UNI og Kulturminnefondet, men i tillegg vart der ein svært stor eigeninnsats. Nauste var i ein periode base for fiskebåten Nor som dreiv alle typar fiske på Norskekysten, mellom anna håbrandfiske. Prosjektet har fått omtale fleire gonger i bladet til Forbundet Kysten. I dag brukar både skulen og barnehagar naust i samband med undervisning.

Naust med kyrkjetømmer frå 1673.



Naustmiljøet her er svært gammalt, den eldste støa i området heiter Jonsstøa og kan vera frå 1500-talet. Då det budde ein strandsitjar med navnet Jon. Nauste er oppført med kyrkjetømmer frå kyrkja som var riven i 1878. No er taket under full restaurering. Meir bilete kjem seinar.

Naust med slipp og bryggje i Fanafjorden.



Her får eigaren både i pose og sekk, både og slippvogna glir lett opp vår og haust. Med kreative løysingar vart slippen ei fyn bryggje til andre aktivitetar heile sommaren. Men kommunen og Statsforvaltaren likte ikkje dette i utgangspunktet. Korleis saka end er uvisst.

Naustet var base for brugdefangst i farne tider.



Nauste er av grovt lafta tømmer. Og mot sør hadde tida tært på dette sjølv om der var steinheller som vern. Naustet vart jekka opp og der vart laga mur av betong under, sikra mot framtidas stormflo. Med nytt tak og bordkledning er naustet klar for nye hundre år. Meir bilete kjem.

Naust, langt mot vest, i eit lunt sund på Sotra



Ein optimistisk eigar med pågangsmot tok tak i dette store nauset, eller sjøbua som mange seier. Kulturminnefondet vende tommelen ned, her vart for mykje ny material, men mykje av det gamle var rotne vekk. Her var det handverkarar med godkjenning frå Riksantikvaren i arbeid så kvalitete på arbeidet er i øvste klassa. Me tar av oss Kasjetthua i respekt.